

## Etos, logos og patos

**Tema:** Retorikk

**Mål:** Anvende og kjenne igjen dei tre appellformene i egne og andre sine tekstar.

**Om opplegget:** Opplegget er tenkt som ei praktisk øving der elevane får anvende kunnskapen sin om argumentasjon og retorikk. Det er derfor ein føresetnad at elevane har noko teoretisk kunnskap om emnet, slik at dei har moglegheit til å vurdere kor godt dei forstår omgrepa patos, logos og etos. Gjennom å observere medelevane sine får elevane også sjå fleire ulike eksempel på korleis vi kan bruke appellformene.

Passar for 9. eller 10. trinn

Sjølve opplegget tar omtrent éin skuletime. Dersom fleire grupper skal framføre, er det lurt å berekne to økter for å komme gjennom. Da vil det også bli tid til felles refleksjon etterpå om dei ulike appellformene og korleis dei verkar på oss. Alternativt kan ein velje ut éin situasjon og la elevane jobbe seg raskt gjennom den som ein introduksjon til anna arbeid i same time.

**Lærestoff:** Kurs 4.5 i *Nye Kontekst Basisbok*

### Eleveoppgaven

*I grupper på 4:*

Nedanfor finn de tre ulike diskusjonar ungdommar kan hamne i. Bruk kunnskapen de har om argumentasjon og retorikk, og lag ein plan for korleis «ungdommane» kan vinne debatten. Bli først einige om ei presisering av temaet og korleis de ser for dykk diskusjonen og situasjonen rundt. Ta utgangspunkt i dei tre appellformene *etos*, *patos* og *logos*, og diskuter korleis de kan bruke dei tre appellformene til å vinne diskusjonen. Lag ei dramatisering av situasjonen der appellformene kjem tydeleg fram.

#### Situasjon 1

*Tema for diskusjonen:* **Reglar** (for eksempel innetider, bruk av mobil/nettbrett/pc ...)

*Skal overtalast:* Foreldre

## **Situasjon 2**

*Tema for diskusjonen: Ulike versjonar av same hending* (for eksempel kven som starta ein slåstkamp)

*Skal overtalast: Den eller dei som har ei anna oppfatning av situasjonen enn deg/dykk*

## **Situasjon 3**

*Tema for diskusjonen: Tilbod for ungdom i bydelen* (for eksempel nytt ungdomshus)

*Skal overtalast: Lokalpolitikarane*